

**Besøksadresse:**

Nordfjord psykiatrisenter  
Sjukehusvegen 9  
6770 Nordfjordeid

**Postadresse:**

Nordfjord psykiatrisenter  
Seksjon Døgn  
Pb. 164  
6771 Nordfjordeid

**Telefon:** 57 86 43 30

Heimeside Helse Førde : [www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

*Informasjon til  
pasientar  
i døgnbehandling*

*Seksjon døgn  
Nordfjord  
psykiatrisenter*

## VELKOMEN TIL OSS

Du er no kalla inn til døgnbehandling ved seksjon døgn, Nordfjord psykiatrisenter. Vi ynskjer å legge best mogeleg til rette for at behandlinga di vert individuelt tilpassa og opplevd som nyttig og meningsfull. Sentrale utgangspunkt for behandling her er gjensidig respekt og tillit, reell pasientmedverknad og støtte til oppleving av meistring.

### Praktisk informasjon:

- Ta med treningskle, fjellsko, gode kle og sko til inne- og uteaktivitetar, då du vil få tilbod om å delta både på fjellturar og trening innadørs på treningscenter og i hall
- Møt opp i resepsjonen når du kjem
- Alle pasientromma er einerom med bad og dusj, du får eigen nøkkel
- Felles kjøken og stove
- Vi har vaskerom med vaskemaskiner og tørketromlar
- Du kan ta med eigen bærbar pc og liknande, vi har trådløst internett
- Kort veg til sentrum med kino, bibliotek, butikkar med meir

### Vi har ein tverrfagleg samansetnad av yrkesgrupper:

Overlege/psykiater, seksjonsleiar, psykolog, sosionom, lege, spsjalsjukepleiarar, sjukepleiarar, vernepleiarar, miljøterapeutar, miljøarbeidarar, hjelpepleiarar og helsesportspedagog.

### Koordinator:

På innleggingsdagen får du samtale med din koordinator. Koordinator her er enten psykolog, sosionom eller lege. Tildelt koordinator vil, saman med deg, ha ansvar for å utforme plan for behandlinga. Koordinator er også bindeledd mellom ulike tenester i din heimkommune og dine næraste pårørande.

### Primærkontakt og sekundærkontakt:

Som pasient får du også tildelt ei primærkontakt og ei sekundærkontakt. Dette for at du skal oppleve ei klar ansvarsfordeling og eit tettast mogeleg samarbeid med eit avgrensa tal personar som er i miljøet saman med pasientane.

### Pårørande:

God involvering av pårørande er eit prioritert behandlingsmål ved seksjon døgn. Spesialisthelsetenesta har klare lovfesta forpliktingar i høve til pårørande, ikkje minst barn som er pårørande.

## BEHANDLINGSTILBODET:

### Samtaleterapi:

Du kan få samtaleterapi hjå psykolog, sosionom eller lege.

### Medisinsk oppfølging og behandling:

Du vert undersøkt av lege ved innkomst, eller ein av dei første dagane. Lege følgjer opp vidare og om naudsynt vert du tilvist anna medisinsk undersøking i spesialisthelsetenesta.

Pasientar som har behov for medikamentell behandling får dekkja og utdelt medisin her. Det er viktig at du tek med deg ei oppdatert oversikt over medisinar du brukar når du møter til innlegging.

### Miljøterapi

#### IPS – individuell jobbstøtte

Pasientar heimehøyrande i Nordfjord som ynskjer ordinært løna arbeid, kan få tilbod om oppfølging av jobbspesialist.

#### Fysisk – og sosial aktivitet:

Fysisk aktivitet er eit sentralt behandlingstilbod. Vi arrangerer felles korte og lengre fjellturar to dagar i veka heile året. Det er lagt til rette for eigentrening i treningsrom her, og ellers er det høve for fri bruk av treningsstudio i Eid sentrum. Vi disponerer også svømmehall og idrettshall til faste tider. Helsesportspedagog gjev tilbod om oppfølging individuelt og i grupper. Vi kan også tilby musikkterapi samt kunst- og uttrykksterapi.

#### Idésmie:

Dette er ein stad der pasientar, tilsette og leing ved seksjon døgn møtast kvar 14. dag for å handsame saker som har med behandlingstilbod og tenesteutvikling å gjere.

-Sjå også: [www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no), <https://helsenorge.no/rettigheter>

**Har du spørsmål? Ta gjerne kontakt med seksjonsleiar Jorunn Sandvik på telefon: 578 64335/ 57864330**